



"We are he world" sette eit skikkeleg punktum. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Unchain my heart" i det fullsette Kulturhuset på Husnes laurdag ettermiddag var ei imponerende, allsidig mønstring frå kulturskolen si side. Framsyninga viste til fulle at skulen driv godt og at det er mange talent innan ymse sjangrar også i vår kommune. Her var det både song, musikk, ballett, moderne dans og bilete.

Dei 120 unge aktørane gjorde eit sterkt, samla inntrykk i tillegg til at dei framførte ei rekkje gode enkeltnummer. Også uskedalingane var rikeleg representerte på scena, med rundt 20 aktørar.



Uskedalen var også representert blant fløytistane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gjennomgangsmelodien handla bokstaveleg tala om å bryta lenker, om korleis musikk og song ned gjennom historia har gjeve uttrykk for og utløyst lengt etter fridom.

Negro spirituals, blues, ragtime og jazz har røter i dei ufries draumar og under den musikkhistoriske vandringa på Husnes fekk vi oppleve mange døme på dette.

Berre dette sakna vi undedr framsyninga: Ei samanbindande programleiing med stutte presentasjonar av aktørane og dei enkelte numra. I mørkret var det ikkje alltid like lett å lesa seg til kva som skjedde.

Nokon form for terningkast til aktørane bør ein helst ikkje gje seg inn på.. Men programmet, som starta med ein betagande klassisk ballett, var fint bygt opp mot den sluttlege finale, som ikkje overraskande var "We are the world" med alle på scena.



Strykargruppa hadde eit solid innslag frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit av høgdepunkta var då Husnes-bandet "The Amps" med stor presisjon spela den Cocker-låta som hadde gjeve "overskrifta" til framsyninga. Bandet imponerte mange.

Eit anna høgdepunkt var "Den lille fugls klagesang" ved eit kor samansett av Nattergalen og Måltrosten. To duoar som spela elgitar var også blant dei som fekk det til å svinga skikkeleg. Messing-gruppa (med eit rikeleg innslag av aktørar frå Uskedalen) representerte jazzen på ein fin måte.

Dei skiftande bileta danna ein fin bakgrunn for prestasjonane på scena utan at dei verka forstyrrende.

Av Ola Matti Mathisen



Gitargruppa hadde eit solid innslag frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)